

Årsmelding

Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2006

Årsmøtet 2006

Årsmøtet var lagt til Hornindal søndag 12.mars i samband med Fylkeskappleiken. Leiaren Eva Kristin Svidal ynskte alle velkomne før Gro Marie Svidal spelte ein slått til velkomst.

15 representantar frå 11 lokallag deltok saman med styre, dagleg leiar og observatørar, til saman 25 personar. Jens Brekke vart vald som møteleiar

Sidan Folkemusikklaget var inne i jubileumsåret (25) vart det spandert gebursdagskake på deltakarane, før dei drog heim på søndag.

Saker: Vanlege årsmøtesaker.

Styret har i 2006 vore samansett slik:

Aslak Johnsen	-styreleiar
Jens Brekke	-nestleiar
Johannes Rotihaug	-styremedlem
Linda Fluge	- styremedlem
Målfrid Stuhaug	- styremedlem

Varamedlemar:

Arve B. Røneid	1.varamedlem
Per Lien	2. varamedlem
Anne Grete Hukset	3. varamedlem

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

Fyrste varamedlem har vore innkalla til alle styremøte.

Valnemnd: Magnus Hope, Reidar Johannesen, Einar Eimhjellen

Møter og saker:

Det har vorte halde 5 styremøte og drøfta ein del saker på telefon elles.

Det er behandla 23 saker.

Nemnder

Det er oppretta ei nemnd for Mokurset som arbeidar saman med dagleg leiar.

Desse set i nemnda: Aslak Johnsen, Gro Marie Svidal, Arngunn Timenes Bell og Sølvi Lien.

Dei to sistnemnde gjekk inn i staden for Eva Kristin Svidal og Jofrid Nedrebø, hausten 2006.

Sjokoladekappleiken: Arngunn Timenes Bell, Aslak Johnsen, Eva Kristin Svidal og Lene Fureli, i samarbeid med dagleg leiar.

Medlemar.

Laget hadde 620 medlemmar pr. 31.12 2006. Av desse er 7 stk. direkte innmeldt til fylkeslaget.

157 er under 18 år og 56 er mellom 18 og 26 år. Laget har 20 lokallag.

Kontoret

Dagrun Hesjevoll har hatt ansvaret for den daglege drifta av laget. Stillinga har vore 50%

Oppgåvene er mange og varierte, frå dei rutineprega til dei meir utfordrande og kreative.

Ressursane både på tid og pengar er for små til å kunne få gjere alt som laget ynskjer.

Heimesidene våre har lege nede siste året. Det var ikkje så enkelt å få opplæring i å lage dei sjølve. April Studio som no har bytt namn til Nordisk Datakompetanse var inne i ei svært

travel tid, med omorganisering av firma o.s.v. Sjølv om målet var å prioritere dette, klarte me ikkje å få til kurs dette året.

Adressa til heimesida tek me med likevel for ein må få sida opp å gå att, snarast.

www.folkemusikklaget.no www.mokurset.no

e-post til kontoret: dagrun@folkemusikklaget.no

Kontoret vert ofte kontakta for hjelp, opplysningar m.m frå publikum.

Fylkeskommunale midlar.

Utpå hausten kom det signal frå fylkeskommunen at tildeling av kulturmidlane skulle endrast. Midlane skulle gjevast til born og unge, (vel og bra) meir til tiltak og mindre til drift.

Sekretærordninga i organisasjonane sto i fare. Saka vart sendt ut på høyring og styret la fram vårt syn i brev. LfS v/ Magnar Sundt støtta oss ved å sende brev til fylkeskommunen. Leiar og nestleiar deltok på høyringsmøte i Førde og la fram synet vårt på nytt. Mange organisasjonar møtte opp og var skeptiske, men i slutten av november gjekk kulturutvalet inn for den nye ordninga. I skrivande stund veit me ingenting om det blir så mykje midlar, at ein kan behalde sekretærstillinga.

Kappleikar

Fylkeskappleiken vart halden i Hornindal med Hornindal spelemannslag som tilskipar 10.og 11.mars. Raftevold Hotell og skulen var arena. ”Honndølene” hadde lagt ned mykje og godt arbeid for at kappleiken vart godt avvikla og triveleg for deltakarar og publikum.

Bygdekvinnelaget hadde pynta gymsalen med åkle og billedvev, og det gjorde til at salen var triveleg og ”lun” å vere i. I songtevinga deltok ”Honndalen” med svært mange unge utøvarar. Noko som syner at det har vore arbeidd svært godt og målretta for songen i bygda.

Kappleiken hadde 117 startnummer.

Her er ei oversikt over klassevinnarane.

Spel: Hardingfele senior: Synnøve Bjørseth Junior: Erlend Apneseth.
Gjestekl.junior: Erlend Nitter
Vanleg fele senior: Arne Sølberg Junior: Marthe Brendefur
Lagspel Hf.-senior: Indre Sunnfjord Spl. Junior: Gamlebanken
Lagspel Vf –senior:Fjelljom Junior: Ferske Fjelljom
Lagdans, senior: Sogn spel og dansarlag Junior: Naustedalen spelemannslag
Gruppespel:hf-senior: Junior: Smårips
Gruppespel :Vf-senior Junior: Team BrendFritSætren
Bygdedans:Senior: Mari A. Ness / Atle Hoff Junior: Daniel Eikås / Grete Heieren
Lausdans. Senior:Bjørnar Slåtten Junor: Daniel Eikås
Solist gamaldans sen: Rasmus Brendefur Junior: Jon Kristian Brendefur
Gruppe ,gamaldans: Sølberg / Plassen
Lagspel gamaldans sen: Nordbygda Junior: Fjordafelene
Lagspel, toradar: Naustedalen
Vokal, senior: Oline Løvlid Junior: Rasmus Fannemel
Open klasse: Junior: Sjuspann

Vestlandskappleiken

Det var Hordaland sin tur til å ha kappleiken som vart avvikla i Øystese, med Kvemmingen som arrangør. Kappleiken var godt avvikla og deltakinga var bra med 93 startnummer. Som de ser så vart det mange klassevinnarar frå vårt fylke. Men og mange gode andre og tredjeplassar.

Pardans,junior: Nr.1. Bjørn Eivind Årdal og Grete Heieren
Pardans senior:Nr1:Mari A.Ness og Atle Hoff Nr. 3: Ingrid Heieren og Bjørn Are Drageset
Lausdans senior: Nr. 1. Atle Hoff Nr.2. Bjørn Are Drageset
Lausdans junior: Nr 2: Bjørn Eivind Årdal
Lagdans senior: Indre Sunnfjord Spelemannslag
Lagdans junior: Botavon
Spel hardingfele, lagspel :
Junior: Gaular spelemannslag / Molau- Indre S. Spl.
Senior: 1.Indre Sunnfjord Spelemannslag 2. Gaular spelemannsalg
Spel hardingfele, junior: Nr 2. Åslaug Timenes Bell. Nr:3 Iselin Eikås
Spel hardingfele senior: Nr 3: Arngunn Timenes Bell

Sjokoladekappleiken vart halden på Mo, 22.april med ca 80 deltakarar. Det var eit godt treff som vart dekka godt av både avisa "Firda" og NRK, Førde. Dette er ein uformell kappleik der borna får tevla på andre premissar enn på ein vanleg kappleik og med premiering der etter. Denne gongen sponsa COOP oss med sjokolade og det var ei lette å sleppe å gå rundt å tigge.

Tusen takk til arrangørane og alle deira medhjelparar. Det krev stor innsats utan å få så mykje "betalt" for det. Men det er svært viktig med desse møtestadane og ikkje minst synleggjeringa av folkemusikken og –dansen.

Kursverksemd

Mokurset

Mokurset gjekk av stabelen 31.juli – 4.august. Kurset hadde 76 kjekke deltakarar, frå 10- 20 år . Lærarkreftene i år var; Gro Marie Svidal, Sigmund Eikås, Erlend Viken, Arngunn T. Bell, Lajla Storli, Sølvi Lien, Simona Fraas Johnsen, Ole Magnus Mo, Torkjell Lavoll på fele og hardingfele. Toradar tok Øyvind Sandum seg av og Jens Brekke tok seg av trekkspel, lur og bukkehorn. Solbjørg Tveiten hadde song og Mari Andrea Ness hadde danseundervisninga. Arthur Søggen var med som felemakar i to dagar. Inspirasjonskurset var nytt av året og Sigrid Moldestad var den store inspiratoren. Deltakarane,10 i talet, var godt nøgde og ville gjerne komme att på eit slikt tilbod til neste år. Kursleiar var Dagrun Hesjevoll.

Kursstaden er for liten med omsyn til rom og undervisningslokale, men elles så kan me ikkje finne betre plass å vere.

Instruktørkurset

I arbeidsplanen for 2006 var det vedteke instruktørkurs. Dette vart ikkje gjennomført p.g.a. liten påmelding. Dette er synd fordi ein brukar både tid og pengar i planlegging og utlysing.

Jubileumskonsert.

Folkemusikklaget var 25 år i 2006 og i samband med Mokurset heldt ein jubileumskonsert i Løytnantsløa i Movika. Konserten var open for publikum, og ein del folk kom og fekk ein flott konsert, av lærarane og ein del av elevane på kurset. Etter konserten vart det kaffi og kaker og i det flotte veret vart det dans på flaken ut over kvelden. Det var inviterte ein del gjester, men sidan det var midt i ferietida så var det ikkje så mange som kom. Men ein del av dei tidlegare leiarane og leiaren i fylkeskulturutvalet hadde sett av kvelden.

Folkemusikkprisen

Folkemusikkprisen vart utdelt under fylkeskappleiken og gjekk til Arne M. Sølvberg Sølvberg kjem frå Fjelli, i Stryn og har alltid drive med musikk og dans. Han fekk prisen for sitt omfattande arbeid både lokalt, regionalt og sentralt for folkemusikk og –dans. Han har vore tilsett som fylkesmusikar og har sete i mange nemnder og utval. Han sat i styret for LfS ein periode og er no leiar i Rådet for folkemusikk og folkedans. Har gjeve ut fleire plateproduksjonar og har fått Spelemannsprisen.

Rolf Myklebust minnefond

Fondet står pr. 31.12.2006 med 105888.- og er bygt opp av sal av Myklebusthefta og med tilføring av overskotsmidlar frå laget i gode tider. Vidar Underseth fekk kr. 5000.- i tilskot frå fondet i år, til produksjon av opplæringsvideo i felespel.

Skumringstimen.

Salet av songboka har teke seg opp litt i 2006. Det er framleis bøker på lager.

ØKONOMI

I 2006 har ein klart å få økonomien i balanse etter nokre år med underskot.

Det vert søkt støtte alle stadar ein ser at ein kanskje kan motta midlar til arbeidet vårt. Dette er naudsynt både for å behalde sekretærstillinga og for å gjennomføre tiltaka våre.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune kjem med det største bidraget.

I tillegg har ein fått støtte frå:

Norsk Musikkråd

Norsk kulturråd

Rådet for folkemusikk og –dans

Luster Sparebank

Desse har sponsa oss.

Eikås Sag og Høvleri

Even`s budbil

Coop

Folkemusikklaget takkar alle som har støtta oss med midlar.

SAMARBEID MED ANDRE

Folkemusikklaget har samarbeid / kontakt med desse organisasjonane og institusjonane:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga / fylkesarkivet.

Norsk Musikkråd

Sogn og Fjordane kulturnettverk

Landslaget for spelemenn

Rådet for folkemusikk og folkedans

Hordaland Folkemusikklag

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Seminar, møte og representasjon

Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Mari Andrea Ness

Årsmøte i LfS: Målfrid Stuhaug og Dagrún Hesjevoll

Høyringsmøte Fylkeskommunen: Aslak Johnsen og Jens Brekke

(Dagleg leiar var på møtet, men som leiar for annan organisasjon)

I styret for Førdefestivalen møter: Sturla Bell Fossen (vara Synnøve Bjørset) for kulturorganisasjonane. Det same i representantskapet for festivalen, der Johannes Rotihaug møter med Dagrún Hesjevoll som vara.

Medlemskap:

Landslaget for Spelemann

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Norsk Folkemusikklag

Laget er representert i:

Ragnar Vigdals minnefond: Dagrún Hesjevoll

Sogn og Fjordane kulturnettverk: Magnus Hope. Johannes Rotihaug varamedlem

Landskappleiken på Beitostølen og Landsfestivalen i gamaldans på Melhus.

Arrangør er LfS, men dette er tiltak som "våre medlemmar" deltek på i stor mon og som me arbeidar for å få endå fleire til å vere med på.

Deltakarane "våre" hevdar seg godt og her tek ein med ein del gode resultat frå premielistene.

Landskappleiken

Durspel junior	Marianne Terum Dalen
Grupperespel HF junior	Smårips
Grupperespel HF senior	Ytre Strøk
Lagspel HF. Senior	Gamlebanken/ Knut Heddis Minne
Lagspel HF. Junior	Molau
Lagdans Junior	Where have all the young men gone?
Andre gode resultat:	
HF. A	Synnøve Bjørset nr.3
Fele B	Britt Pernille Frøholm nr. 2 (1.napp til opprykk til A)
Hardingfele B	Britt Pernille Frøholm nr. 3. Med det rykka ho opp i A-klassa
Dans HF kl. A	Mari Andrea Ness / Atle Hoff nr.3
Dans HF kl. B	Elbjørg Vassbotten / Helge Leif Norevik nr. 3
Dans vanleg fele KL. A	Asbjørg og Arne Sølvberg nr 3
Dans hardingfele kl. D	Bjørg og Kjell Berge nr.2
Hardingfele kl.C	Erlend Apneset nr. 3
Instrumentutstilling:	
Hardingfele:	Harald Kvandal med ei bronsefele og Magne Leiknes med to.
Eldre Folkem.instr.	Magnus Hope med bronse for langeleik

Landsfestivalen

Denne var arrangert på Melhus og deltakarar frå fylket var med og tevla.

Frå premielista finn me Marianne Terum Dalen som nr. 3 i solo durspel, junior

I Open klasse vart Labakkalaget nr.3.

Det var fleire frå fylket på listene, men her er teke med dei som hevda seg best denne gongen.

Folkelarm

Dette nye tiltaket er ein stor suksess. Også i år var det ein stor delegasjon av ungdom frå vårt fylke som drog til hovudstaden for å få med seg dette arrangementet.

Fylkeskommunen var representert og Førdefestivalen hadde stand. I år valde Folkemusikk-laget å ikkje ha stand og utsendingar, p.g.a kostnadane. Dagleg leiar var der likevel som observatør (privat)

Førde internasjonale folkemusikkfestival:

Laget er med i stiftinga.

Folkemusikklaget og festivalen samarbeide i år om eit ungdomsprosjekt, der ungdom skulle få billetter til konsertar/ kurs mot å jobbe noko på festivalen. Men det var lita interesse blant dei unge, slik at det vart ikkje noko av.

Ungdomsutveksling med Skottland.

Dette var i regi av fylkeskommunen, Luster kommune og Askvoll kommune og var ein del av eit prosjekt dei har med Skottland.

Det vart kjøpt tenester av folkemusikklaget. Sekretæren var med i planlegginga og henta inn ungdomar og lærarkrefter frå fylket. Ungdomane fekk ei veke i Jostedalen, med song, dans og speling. I tillegg til brevandring, utflukt til Ornes stavkyrkje og Dale kyrkja der dei hadde konsertinnslag for kvarandre. Etter ein flott avslutningskonsert, for fullsett hus, i Jostedalen fredag kveld, vart dei laurdag sende til Førde for å få oppleve litt av folkemusikkfestivalen. Ungdomane, både våre eigne og skottane, storkosa seg og var kjempenøgde med tiltaket.

ANDRE FOLKEMUSIKKTILTAK I FYLKET

Her tek me med andre tiltak /hendingar som ikkje vert drivne av folkemusikklaget, men der medlemar og andre folkemusikkutøvarar er med.

Me har med dei hendingar og tiltak som me har opplysningar om og som me trur medlemane våre har interesse av.

Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane.

Sigmund Eikås, Harald Hesjevoll, Elin Grytting , Oddbjørn Ramstad og Vidar Underset er framleis i stillingane. Øyvind Lyslo er fylkesmusikkleiar, men er og med ute på vegen/ fjorden. Dei har faste oppdrag i sine lokalmiljø og elles oppdrag både gjennom den kulturelle skulesekken, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Teater og andre.

Siste året har dei hatt samarbeid med fylkesmusikarane i Hordaland og gjestemusikarar. Dei har turnert me seglskuta ” Mathilde ” med tre ulike gruppe –samansetningar i begge fylka.

Dei har hatt konsertar i Øystese og Sogndal der alle utøvarane var med. Dei tre gruppene hadde og kvar sine konsertar ute på Førdefjorden under folkemusikkfestivalen.

Denne turneen er på fjorden att i desse dagar.

Førde internasjonale folkemusikkfestival saman med Sogn og Fjordane Teater og

Fylkeskommunen sette opp barneforestillinga ”Den vesle prinsen” til festivalen.

Gro Marie Svidal, Ulf Arne Johannesen og Harald Hesjevoll er aktørar i stykket som hausta svært gode kritikkar og som samla fulle hus. Dei har vist det ved fleira andre høve, t.d på ”

Folkelarm” i Oslo. Gjennom den kulturelle skulesekken har dei turnert i skular i fylket.” Den vesle prinsen” skal ut att på turne i 2007.

Elin Grytting har saman med Hanne Oftedal turnert i den kulturelle skulesekken med eit program dei har kalla ” Primstaven”. Dei held fram i 2007.

Diverse om folkemusikarar frå fylket:

Oline Løvlid fekk Postens kulturpris og gav ut plata ” Fortal”, med songarar frå Hornindal Gruppa ”Sjuspann” som består av 7 born frå Hornindal fekk draumestipend frå Norsk Tipping. Oline er instruktøren deira.

Unni Løvlid vart ”Årets artist” under Folkelarm i Oslo.

”Gamaltnymalt” fekk spelemannspris med plata med same namn. Sigrd Moldestad og Håkon Høgemo er medlemar i gruppa saman med vossingen Einar Mjølunes

Hilde Bjørkum fekk ”RFF-prisen”

Britt Pernille Frøholm har teke mastergrad i folkemusikk v/ Høgskulen i Telemark, Rauland Vidar Underseth har gitt ut:” Mine fyrste feleslåttar” som er ein opplærings-dvd.

Synnøve Bjørseth har saman med gruppa ”Majorstuen” gitt ut juleplata: ”Juledrøm”

Gro Marie Svidal er i semifinalen til ” Introfolkprisen ”.

”Smårips” gruppa som besto av elevar frå musikklinja på Firda Gymnas .Oda Heidi Bolstad, Ingrid Heieren, Iselin Eikås og Åslog Timenes Bell har hatt mange oppdrag rundt i fylket og fekk norgesmeistartittel: ”Årets beste elevbedrift” under i tevling i Oslo.

Linda Gytri er teken opp som elev ved Sibeliusakademiet i Finland.

Sigrd Moldestad og Liv Merete Kroken deltok i Grand Prix i Hellas saman med Kristine Gulbrandsen.

SLUTTORD:

2006 er over og eit lite tilbakeblikk må til. Som det kjem fram av årsmeldinga må vi i styret nok ein gong få med kor viktig sekretærstillinga er, og kva som vil skje med folkemusikken i fylket vårt om vi misser denne resursen. Stillinga burde tvert om vore auka.

Vi ser og at det er vanskeleg å arrangere kurs. Tilboda er mange rundt om, slik at det var få ledige dagar. Vi måtte dessverre avlyse tiltak grunna liten påmelding.

Årsmøtet har vi no lagt til kun ein dag, sentralt i fylket vårt og vi håpar med dette på god oppslutnad.

Vi takkar alle som gjennom året har vore til hjelp og støtte for folkemusikklaget, frå tips og råd, til arbeid i nemnder.

Og sist, men ikkje minst til lokallaga og enkeltmedlemar som står på for folkemusikken og – dansen i fylket vårt.

Aslak Johnsen (s) Jens Brekke (s) Johannes Rotihaug (s) Linda Fluge (s)
-styreleiar- -nestleiar-

Målfrid Stuhaug (s) Arve B. Røneid (s)
-1.varamedlem-

